



Stadanalyse for Valestrand 2009 Kulturhistorisk analyse med fokus på garverimiljøet
Σταδανάλυση για Βαλεστράντ 2009 Κιττιρηιστορική ανάλυση μεθ έοκυσ πγ άαρυετιμίοετ



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Tomteparken AS v/Helge Rød og
Lerøy Fossen AS

Rapportnamn: Stadanalyse Valestrand - Garverimiljøet 2009

Utgåve/dato: 001/25.6.2009

Oppdrag: 518462

Oppdragsleiar: sivilarkitekt Torhild Wiklund

Fag: Plan

Tema: By- og tettstedsutvikling: kulturminnevern

Leveranse: Rapport/utredning

Medarbeidarar: Trygve Andresen og Mats Mastervik

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

Medverknad

Analysearbeidet er gjort i samarbeid med oppdragsgjevarane og Osterøy kommune, Fylkeskommunen i Hordaland, Osterøy museum og Museumssenteret på Salhus.

Tomteparken AS v/ Helge Rød

Lerøy Fossen AS v/ Gunnar Hamarsland

Osterøy kommune: v/ Hanne Dybwik

Museumssenteret i Hordaland v/ Randi Andersen og
Solveig Jordal

Stiftinga Osterøy Museum v/ Anne-Mari Hannisdal Haga

Hordaland fylkeskommune: v/ Gunnbjørg Austrheim





Føreord

Garveribygningane på Valestrand representerer eit unikt industrimiljø som vart utvikla gjennom 100 år frå 1860-åra. Det er inga verksemd i bygningane i dag. Det hastar å få gjort ei vurdering av bygningane sin verdi og framtid, både av omsyn til eigarane av bygningane, og av omsyn til trongen for retningslinjer for vidare utvikling av staden. Sjølv om utgangspunktet for analysen er garverimiljøet i Valestrandsvågen, må garveribygningane og sjåast i samanhang med omkringliggende kulturmiljø. Dette gjeld særskild resten av strandsona.

Det pågår i dag planarbeid for to område i strandsona: Timberdalen på nordsida av vågen og Lerøy Fossen sitt anlegg på sørsida av vågen. I samband med offentlig ettersyn av planframlegget for Timberdalen fremja Riksantikvaren og fylkesmannen i november 2007 motsegn til planarbeidet. Det er meldt oppstart på utviding og endring av reguleringsplan for industriområdet til Lerøy Fossen AS. Vidare arbeid med denne planen avventar mellom anna utfallet av denne analysen.

I motsegna til Riksantikvaren vert det vist til at det er eit nasjonalt mål å minska tapet av og bevare eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren finn at minna frå garveriverksemda i Valestrandfossen er eit viktig kulturmiljø av nasjonal interesse, og at planen for Timberdalen ikkje er i tråd med nasjonale mål for kulturminnepolitikken.

Det har vore uttrykt eit ynskje om at kommunen skal utarbeida ein kommunedelplan med fokus på kulturminne for heile Valestrand. Osterøy kommune har ikkje løyvd midlar til offentlig planarbeid. DIVE-analysen er eit kompromiss for å få fram og systematisera kunnskap om garverimiljøet på Valestrand. Analysearbeidet er betalt av Tomteparken AS og Lerøy Fossen AS.

Metodikk

Rapporten er ein kulturhistorisk stadanalyse utarbeidd i samsvare med DIVE-metoden, som er utvikla av Riksantikvaren. Ei DIVE-analyse er ein kreativ, kritisk arbeidsprosess basert på medverknad. Målet er å medverke til at dei kulturhistoriske kvalitetane og moglegheitene på staden vert tekne vare på, og aktivisert som fellesgoder i utviklinga av staden. Gjennom fire målretta trinn vert historisk informasjon omdanna frå passiv til operasjonell kunnskap. I løpet av prosessen vert området skildra med omsyn til det kulturhistoriske: 1) karakter, 2) meining, 3) moglegheiter og 4) rom for handling. Dette skjer gjennom ein serie arbeidstrinn som skildrar, tolkar, vurderer og aktiverer.

Trinn 1 – Skildring – historisk utvikling, innhald og karakter

Første trinn i analysen skal gjere greie for kunnskapsgrunnlaget som skal vere utgangspunkt for vurdering av kvalitetar og moglegheiter for kulturarven i utviklinga av staden. Kunnskapsgrunnlaget skal vise korleis naturgitte og kulturelle føresetnader og vilkår, kvar for seg og samla har forma analyseområdet. Det skal og vise samanhengen mellom dei historiske forteljingane på staden og omgjevnadene i dag.

Dei geografiske rammene og kva tema ein treng kunnskap om, er definert ut i frå kva plan- eller prosesstilknytning analysen har, og problemstillingane i arbeidet. I analysen for garverimiljøet på Valestand er det valt 4 ulike geografiske nivå eller "flyhøgder" for arbeidet:

1. Fjorden og omverda
2. Valestrand
3. Garverimiljøet
4. Garveribygingane

Arbeidet omfattar følgjande aktivitetar:

- *Innhenting og kartlegging av historisk informasjon*
- *Systematisering og organisering av informasjonen*
- *Utdjuping og omarbeiding av kunnskapsgrunnlaget*

Tidsvindu

Situasjonen på analysetidspunktet er springbrettet for dykket ned i historien. Landskapet i dag rommar og vidarefører funksjonar, strukturar og visuelle innhald frå fortida. Omgjevnadene i dag kan difor fungere som historiske leietrådar som ein på "arkeologisk" vis kan følge, gjennom dei historiske laga og tilbake i tid for å finne det historiske opphavet. Underveis søkjer ein etter informasjon som kan forklare den samfunnsmessige samanhengen og situasjonen i dei historiske forteljingane.

I analysen bruker ein ei tid-rom matrise (tidsvindu) som reiskap for å systematisere og formidle historisk informasjon. Matrisen gir ein oversikt over historiske utvikling, innhald, samanhengar og tidsdjupne på staden, og kan nyttast gjennomgående i alle 4 analysetrinna. (kjelde: Riksantikvaren).



Trinn 2: Tolking – historisk meiningsinnhald, tyding og tilstand

Føremålet med trinn 2 er å tolke og drøfte den historiske situasjonen, meiningsinnhaldet og tydinga til analyseområdet. Drøftinga skal vere førebuing til og grunnlag for verdidiskusjonen.

I andre trinn av analysen vil ein sjå på følgjande forhold:

- Historisk meiningsinnhald og tyding
- Historisk lesbarheit (tilstand)
- Integritet og autensitet (tilstand)

Trinnet er ei undersøking av kva historiske element som framleis er til stades i våre omgjevnader, og som representerer viktige periodar i historien, lag, forteljingar eller tema.

Trinn 3: Vurdering – kulturarven sin verdi, moglegheiter og avgrensingar

Tredje trinn i analysen skal gjere ei vurdering av kulturarven sine kvalitative eigenskapar, moglegheiter og avgrensingar.

Verdispørsmålet er eit hovudelement. Ved å gje analyseområdet kulturhistorisk og arkitektonisk verdi, seier vi noko om den tida vi er i; verdisyn og faglege haldningar, mål for forvaltning og utvikling, og vår sosiale og kulturelle situasjon. Moglegheiter og avgrensingar kan finnast ved å vurdere potensialet for utvikling og endring.

I omgrepet potensiale for utvikling ligg det økonomiske og bruksmessige potensialet i dei kulturhistoriske elementa, strukturane og miljøa. I tillegg ligg potensialet for utvikling av kunnskaps- og opplevingsverdi i dei kulturhistoriske ressursane.

Når potensialet for utvikling er skildra, kan ein vurdere dei realistiske utviklingsmoglegheitene og kapasiteten for endring. Dette må sjåast i samanheng med avgrensingar og restriksjonar i den enkelte situasjonen. I det inngår vurdering av sårbarheit og tolegrenser for dei historiske kvalitetane (kilde: Riksantikvaren).

Tredje trinn av analysen inneheld vurdering av:

- Kulturarven sin verdi
- Kulturarven sitt utviklingspotensial
- Kulturarven si sårbarheit/tolegrense
- Kulturarven sin endringskapasitet

Ved vurdering av verneverdien til kulturminne er det tradisjonelt 3 kriterium som vert tillagt vekt. Kulturminna skal:

- vere kjelde til kunnskap (representativitet, samanheng og miljø, autensitet)
- gje grunnlag for oppleving (samanheng og miljø, identitet/symbol)
- dei bør vere ein bruksressurs for framtida.

Kulturminnelova definerer kulturminne og kulturmiljø på denne måten:


”Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes områder hvor kulturminne inngår som del av en større helhet eller sammenheng.”

Definisjonen er ganske vid. Dette betyr ikkje at alle kulturminne og kulturmiljø kan eller skal takast vare på. Samfunnet må prioritere kva som er verdifullt og skal vernast, til glede og nytte for oss og for dei som kjem etter oss.

I handsaminga av St.meld nr 8, ”Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand” (1999-2000), ga Stortinget tilslutning til følgjande mål som trekk opp to perspektiv på vern:

- ”Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og ivaretas som bruksressurser, og som grunnlag for opplevelse og videreutvikling av fysiske omgivelser.
- Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressurser og som grunnlag for opplevelse.”

Vern av teknisk-industrielle kulturminne byr ofte på store utfordringar. Desse kulturminna er under endring og tilpassing til den teknologiske og økonomiske utviklinga ved verksemda så lenge det er aktiv drift. Kulturminna er ofte del av eit heilskapleg produksjonsmiljø, der det kan være vanskeleg å plukke ut fragment som skal representere heile miljøet.





Grunngjeving for vern

Kjelde til kunnskap

Ein kan ikkje erstatte kulturminne og kulturmiljø som kjelder til kunnskap om den historiske utviklinga av dei fysiske omgjevnadene, og om forhold menneske har til kvarandre og naturen. Kulturminna og kulturmiljøa utgjer ein erfarings- og kunnskapsbank. Derfor må vi sikre at kjelda vert teken vare på, for også å gje framtidige generasjonar høve til å gjere nye tolkingar av fortida. Kjelde til kunnskap har følgjande delkriterium for utval av kulturminne og kulturmiljø for vern:

- Representativitet:

Målet er at dei utvalde kulturminna skal illustrere eit tverrsnitt av historien. I dette perspektivet blir variasjon og mangfald viktig. Det utvalet som vert gjort, må vere representativt nok til å vise korleis samfunnet har utvikla seg. Valestrand var eit lita industrisamfunn samanlikna med einsidige industristader som vaks fram før 1. verdskrig (Odda, Rjukan, Sauda, Høyanger, Løkken Verk, Glømfjord og Eydehavn). Det var likevel ingen andre stader med så mange garveri samla på ein stad, og det gjer Valestrand unik i denne samanhengen.

- Samanheng og miljø:

Kva kunnskap vi kan få fram, er også avhengig av om vi vernar eit isolert enkeltobjekt, eller om vi klarer å ta vare på fleire element i ein større samanheng. Denne samanhengen, både i tid og rom, funksjonelt og sosialt, gjev oss kunnskap ut over det eit einskild objekt kan vitne om. Garveribygningane må òg sjåast saman med anna aktivitet som har vore, og er, på Valestrand.

- Autentisitet:

Grad av opphavlege trekk, dvs. om bygningen har sin opphavlege hovudform og om det framleis finst originale element. Ved vurdering av teknisk- industrielle kulturminne vil omfanget av bevart teknisk utstyr knytt til produksjonen ha tyding for vurdering av graden av autentisitet. Konstruksjonar uansett materialtype er forgjengelege. Difor må ofte delar av, eller heile, konstruksjonen verte erstatta med nye materialar av same type. Likevel kan autentisiteten verte teken vare på som form og/eller teknikk.

Grunnlag for oppleving

Menneske si oppleving av kulturminne og kulturmiljø heng blant anna saman med kunnskap, haldningar, tilknytning til staden, og kva sosial eller etnisk gruppe ein tilhører. Kulturminne og kulturmiljø gjev kontinuitet i det fysiske miljøet. Dei er med på å skape stadskarakter og tilhøyr. Kulturminna gjev variasjon og kontrastar i omgjevnadane, og synleggjer at dei menneskeskapte omgjevnadane alltid har endra seg. Dei viser ikkje berre staden sin eigenart, men og påverknad, samanheng og fellesskap på tvers av geografiske og kulturelle grenser.

Ein viktig del av verneverdien i eit industrianlegg ligg i den totale opplevinga av ulike typar bygningar og tekniske innretningar, som saman synar heilskapen i produksjonen. Eigenverdien til det einskilde elementet kan vere låg, men samla utgjer dei ei viktig kjelde til kunnskap

om og oppleving av dei historiske anlegga.

Følgjande delkriterium vert lagt vekt på for å velje ut kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for oppleving:

- Samanheng og miljø: Det har alltid vore eit nært samspel mellom landskap, naturressursar og det menneskeskapte miljøet. Landskapet dannar rom, utsiktspunkt og forseinkingar som understrekar eigenarten til staden og bidreg til viktige kvalitetar for oppleving. Menneska har gjennom sin påverknad utvikla det opprinnelege landskapet.

- Identitet/symbol: Mange kulturminne og kulturmiljø har særlege kvalitetar som gjer at dei blir viktige for menneske si kjensle av gjenkjenning og tilhøyr. Dette er i hovudsak knytt til to forhold: Anten til konkrete hendingar eller personar som er knytt til ein stad, eller til tradisjon og kontinuitet i bruken av området. Garveriverksemda hadde sitt utgangspunkt i familiar som hadde sin tilknytning til staden gjennom slektskap og oppvekst på gardsbruka på staden.

- Arkitektonisk/kunstnerisk verdi: Opplevinga av et viktig verk har ein verdi som er særeigen, uansett kva samanheng det vert opplevd i. Her vert det lagt vekt på form, struktur, materialvalg og detaljutforming i høve til ein kunstnerisk idé og fullføringa av den. Estetiske vurderingar er sentrale i denne samanhengen. Bygningane har sitt klare førebilete i annan vestlandsk byggeskikk knytt til sjøen

Kriterium knytt til kulturminne som bruksressurs

Det ligg store verdier for samfunnet i å nytte det som allereie eksisterer framfor å byggje nytt. Bruk av kulturminne og kulturmiljø er i denne samanhengen med på å fremje ei berekraftig utvikling. Dette perspektivet gjeld først og framst når ein tek vare på bygningar og bygd miljø. Faktorar som då må vurderast er knytt til økonomi, bruksverdi og økologi.

I tillegg gjev dei kulturhistoriske verdiane eit ekstra potensial for bruk til alle typar kulturminne og kulturmiljø. Dei historiske spora kan mellom anna ha mykje å seie for friluftaktivitetar, turisme, og etablering eller vidareføring av bustader og næringsverksemd.


Lønsemd handlar mellom anna om den fysiske tilstanden til ein bygning eller eit anlegg. Eigargar vil til vanleg syte for å ta vare på bygningar og anlegg som framleis har ein bruksverdi og ein tilfredsstillande fysisk tilstand. Kostnadene til vedlikehald vert halde nede gjennom jamleg bruk og vedlikehald, og verdiane vert sikra over lang tid. Dette er den enkle og rimelege formen for vern. Om tilstanden er god, kan økonomiske og kulturhistoriske argument slik byggje opp under kvarandre til fordel for vern.

Det vil og vere naudsynt å vurdere om eit anlegg passar til den aktuelle bruken. I tillegg kan ein sjå på høve til å tilpasse bruken i forhold til endra behov, utan å gjere store fysiske endringar.

















Trinn 4: Aktivering - kulturhistorisk handlingsrom og rammer

Det fjerde trinnet omfattar ei samanfatting av analyseprosessen. Det historiske handlingsrommet vert definert. Føremålet er å aktivisera dei kulturhistoriske ressursane i analyseområdet gjennom planlegging. Handlingsrommet skal syne moglegheitene for vern/utvikling av analyseområdet, både totalt sett og i høve til dei einskilde kulturhistoriske elementa.

Analysen skal resultera i tilrådingar som er tilpassa nivået for planarbeidet den er knytt til. Råda og forslaga må henge saman med utfordringane i planarbeidet, og svare på spørsmåla som var utgangspunkt for analysen. (kilde: Riksantikvaren)





Trinn 1 – Skildring – historisk utvikling, innhold og karakter	HISTORISK MATRISE			
	Tidsdimensjon	Romleg dimensjon		
	Fjorden - omverda	Valestrand	Garverimiljøet	Garveribygningane
1990 til 2008 Notid				
1960 til 1990 Garveriverksemda vert avvikla				
1914 til 1960 Utvikling og vekst				
1860 til 1914 Garveria vert utvikla til industri				

1860-1914 Fjorden og omverda

Garveriverksemder i:

Alverstraumen, Alversund

Bergen (Kleivdal/Laksevåg, Damsgård, Solheimsgaten, Årstad, Nøstet)

Breistein (Garveri der ferjekaien er i dag (Mons Breistein) – Garveriet til Harald Breistein på Breistein står framleis og 200 m lenger nord for ferjekaien står en garveribygning.

Isdalstø

Garveri på Osterøy:

Hausvik, Borge, Kårvika, Revheim, Valestrand, Halland og Solberg

Borge (1872)

Kårvik i Lonevåg 1889 – nybygg 1925

Halland konkurs 1957

Vevle/Småland – drift til 1960-tallet

1839 – oppheving av garverilova opna vegen for fri handel med lær og etablering av garveri

1839 - Handverkslova - Slo fast at lauga etter kvart skulle avskipast, det skulle verta lettare å få rett til å drive sjølvstendig handverk og byane mista monolet på handverk

1872 - Ole Johannesen Borge d.y. av Borge Søndre f. 1853 (Ola Borges bestefar) begynte garving på garden Borge.

Th. Kleivdal: først Kvamsvågen, så Laksevåg. Øydelagt i eksplosjonen i 1945, bygde nytt – Noregs største garveri, avvikla 1960, i dag Laksevåg industrihus



Sildefiske



Øvsthusstova. Snekkarverkstad frå Hosanger Osterøy museum



Brakvatnet – Osterøy sitt eldste garveri frå tidlig 1800-tall Osterøy museum



Dampskipet Oster



Første skulen på Valestrand



Bullahuset

1860-1914 Valestrand

Ved sida av garveria vart det fram mot 1900 etablert handel, bakeri og slakteri på Valestrand. Ole Bull kjøpte odelsgården Valestrand av mor si i 1858. Alexander Bull, son til Ole Bull, bygde Dampskipskaien og Ullvarefabrikken. Ullvarefabrikken besto av hovudbygg, stampe, fargeri og eit lite turbinanlegg. Råvarene kom sjøvegen. Strandsona vart nytta til naust, notbruk og garveri. Etter kvart kom det kai til dampskip/skyssbåt. Det vart drive fiske av brisling om sommaren og sild om vinteren. Fisken vart salta og røykt. Barking av nøtene vart gjort i barkekar på berga.

Meieri med innvegingsentral, mottak og kjøling kom i 1900. Mjølka vart delvis seld lokalt, og delvis sendt til Bergen i 50 liter-spenn. Meierierskene budde på Valestrand. Det var overnatting i tømmerhus på kaien for dei som skulle til Bergen med båt om morgonen. Elles var det overnatting på gardane. Gjestgiveri var det på Hamre. Næraste kirke var òg på Hamre (frå tidl. 1600-tallet)

1869 – Bullahuset vart bygd

1875 - Fellestunet på Rundhovde utskifta

1880 – Ullvarefabrikk og dampskipskai etablert

1881 – første skule på Valestrand

1887 – Ullvarefabrikken med vassfallsrettar vert selt

1901 – Meieribygning på kaien ferdig

1908 – Dampskipet "Oster" fekk stopp i Valestrand



1860-1914 Garverimiljøet

Garveriverksemnda vart etablert og utvida for å skaffe ny leveveg fordi det var lite jordbruksland på Rundhovde. Utviklinga av garveriverksemnda var basert på at lokale folk fekk opplæring i eksisterande garveri, og etter kvart starta sine egne.

Fram til ca 1900 var det rein handverksindustri. Fra 1900 kom det maskinar inn i produksjonen. Det var vegetabil garving – bark frå eik og bjørk, og eikenøtter - garvetid frå 1-3 år. Det var import av lær frå India, Afrika og USA seint på 1800-talet.

Bjørkebarken kom frå Salten ein gong i året, med "Løven" av Brønnøysund. Bjørkebarken blei først malt på Breistein, så i kvernhus på Rundhovde og seinare i Timberdalen.

Før 1900 var det etablert fire garveri og tre stemmer knytt til garveria. Bygda har totalt hatt 12 garveri og skinnverksemder.

Industriverksemd i Valestrand:

Valestrand uldvarefabrikk, 6 arb 1881

Reigstad garveri, 20 arb 1880

Runhovdes garveri, 5 arb 1888

Endre T Reigstad garveri, 6 arb 1905

Johs. J Rundhovdes garveri, 3 arb 1915





Jarlegarveriet vart bygd på nauste-tomt. Dei andre tre garveriene i Timberdalen vart bygd på felles tomt, eigd av oldefar til Eivind Karl Rundhovde.

1860-1914 Garveribygningane

1860 – Gamlegarveriet oppretta

1875 – Gamlegarveriet utvida barkebua med tørkeloft og bygde løe med flor

1885 - Gamlegarveriet bygde kalkebu med loft

1886 - Revheimsgarveriet bygd av Johannes Revheim. Hadde hand om Rundhovdestemma og vassrett ned til sjøen. Anlegget vart utvida fleire gongar.

1886 – Fjæragarveriet (Nils T. Reigstad) oppretta

1890 - Gamlegarveriet bygde Møllehus, "Mylne"

1890 – 1936 Larsagarveriet oppretta

1902 – Jarlegarveriet oppretta

1903 - Gamlegarveriet bygde valseloft

1903 – Mikalgarveriet oppretta

1905 – Revheimsgarveriet - generasjonsskifte

1905 – 1972 Endregarveriet

1906 – Gamlegarveriet - generasjonsskifte

1907 – Mikalgarveriet - Bestefar til Mikal henta valse i Tyskland

1910 – Karlagarveriet – Karl Reigstad - oppretta

1914 – Jacob Nilsens garveri oppretta

1914-1960 Fjorden og omverda

1939 - oppheving av handverkslova

1942 - lov om fri handel

1939 – 45 2. verdenskrig


1945 - Eksplosjonen på Laksevåg

1951 - Maksimalpris oppheva

Det var opp mot 40 garveri i 10 km radius frå Breistein på 50 tallet, og 14 garveri på Osterøy. Det var lite anna industri i Alversund, Breistein og på Osterøy. Det var tøffelfabrikk på Fitje og skofabrikk på Brakvatne.

Drift under krigen var vanskeleg på grunn av mangel på hudar. Etter krigen, 1946-47, var det ei oppblomstring for garveriverksemda, mens 50-talet var kritisk med sterk nedtrapping av toll (GAT-avtalen).

Frigjering av produksjonen seinka innteninga, og innanlandsmarknaden forsvann. Portugisiske skofabrikkar kunne produsere damesko til litt over halvparten av norsk produksjonspris, og dei norske skofabrikkane forsvann på 1970-talet. Nye stoff konkurrerte òg med lèret.





Ferjekaien på Valestrand



Ungdomshuset Kongshall



Skulebygg frå 1921

1914-1960 Valestrand

- I 1917 var det dampskipskai, meieri, postsentral, rikstelefon og 5 industrielle anlegg på Valestrand. Folk budde og jobba på Valestrand, men mange kvinner vekependla til Salhus og Arna. Meierierskene som jobba på Meieriet budde på Valestrand, og mange blei gift der.
- 1930-60 talet var ei oppblomstringstid på Osterøy – med mange nye verksemder, men òg mange som vart lagt ned. På 30-tallet var det forsøk på å drive pensjonat.
- Lars Fotland begynte å skjere is frå Valestrandsvatnet og Kringastemmapåi slutten av 20-talet. Hadde eige islager på Valestrand. Brukte bork frå garveri som isolasjon.
- Første motoriserte transport på Valestrand var motorsykkel m/sidevogn. Elles var det vanleg med hest og kjerre. Valestrand fekk første bilen, eigd av eit lutlag, på 30-tallet.
- Byfolk sette sitt preg på Valestrand, dei leigde gardshus om sommaren og kom omkring 20 juni. Bøndene flytta i kjellaren. Dei kunne få 100 kr for utleige for ein sommar.
- Doktoren hadde skøyte, og eit garveri hadde færing, elles mindre båter. Rundhovde lakselag hadde 6 partar på 30-talet, og dette var ei viktig næring. Laksenøtene blei bøtt i løene og i stovene.
- Rundhovdegarden hadde nothus på Tingstadneset, som dei brukte til laksefiske.

1921 – nytt skulebygg

1926 - Ungdomshuset Kongshall

1932 – skyssbåten "Tor" i rute Breistein-Valestrand

1934 – første bilen vert frakta over fjorden fra Breistein med M/B "Valestrand"

1936 – arbeidet med vegen Valestrand- Eikeland-Hamre vart sett i gong (fullført kring 1975)

1943 - ferjedrift

1949 – ny ferjekai

1955 – ullvarefabrikken nedlagt

1955 – 1961 Skofabrikk i ullvarefabrikken. Sidebygningane vert rivne.

1914-1960 Garverimiljøet

Det var kontakt med utomverda gjennom handel og utdanning. Norsk Argentinsk handelskompani og tyske agenter som selde maskinar og garvestoff var representert i Bergen. Nokre av dei unge fekk utdanning ved Nordisk Garveriskule i København og i Tyskland. Reigstad var ved Bayern ledertechnische 2-3 ganger på 50-talet.

Produksjonen blei omlagt då garveriekstrakt kom på markedet rundt 1. verdskrig. På Valestrand tok dei i bruk ekstrakt frå Sør-Amerika (Fibraccio) på 30-talet. Produksjonen blei då mykje meir effektiv. Det kom spesialister frå Tyskland og lærte frå seg den nye garvemetoden. Reigstadgarveriet var eit dampgarveri med dampmaskinar. Garveriet hadde eigen føringsbåt.

Kromgarving blei tatt i bruk på Borge fra 1920-talet, og på Halland ca 1950. I Valestrand vart det berre delvis lagt om frå vegetabilgarving til kromgarving. Selskinnet og saueskinnet blei kromgarva.

Det var vasskraft til mølle på Rundhovde. Garveria fekk straum til motorar på slutten av 1920-talet.

Alt avfall etter produksjonen gjekk på sjøen. Natriumsulfid og limlær flaut i Vågen til tider. Forureining blei først tema på 1960-tallet.

Ny og større ferje på 60-talet gjorde det vanskeleg med eige stopp ved garveria i Timberdalen.

Garveria produserte blåsebelgar, brannbøtter, seletøy, Sko-solar-botnlær/solelær, kalkalær, tauverk, selskinnstøvlar, Aurlandsko, saueskinnsjakker, historiske sko, køyreposar, skulesekkar, portemonéar osv. Det var stor vilje til å finne nye marknader for skinnvarer etter som etterspurnaden endra seg.

1917 – Fjæregarveriet vert omtalt som eit industrielt anlegg med 22 hestekrefter og 20 tilsette (hadde på det meste 30 tilsette). Spesialitetane er "Grubegarvet sålelær og Vachelær".

På tomta til Endregarveriet vart det etablert klekkeri og produksjon av laks og aure.



Timberdalen med:
Jacob Nilsens garveri / Reigstad garveri
Mikalgarveriet
Gamlegarveriet
Jarlegarveriet (nedbrent i dag)



Fjæragarveriet

1914-1960 Garveribygningane

1925 – G.C.Rieber kjøper Fjæregarveriet

1926-27 - Generasjonskifte Mikalgarveriet

1927 - Grunnen som garveria i Timberdalen stod på blei delt mellom familia/garveria.

1927 – Jacob Nilsens garveri blei innstilt

1931 – elektrisk heis i Gamlegarveriet

1936 – bygningen til Jacob Nilsens garveri blei teken over av Harald J. Reigstad (leide frå 1934)

1936 - G.C. Rieber kjøper Karlagarveriet

1950 – Mikalgarveriet fekk ein stansemaskin til utstansing av solar

1950-talet – Reigstads garveri blei påbygd med ein etasje

1953 – Jarlegarveriet innstilt

1955 – Det store garveribygget på Mikalsgarveriet blei påbygd ein heil etasje



1960 – 1990 Fjorden og omverda

1964 – Endringar i kommunestrukturen – Hamre, Haus, Hosanger og Bruvik vart slått saman og Osterøy samla i ein kommune, med Lonevåg som kommunesenter. Valestrand er ikkje lengre del av Hamre Herad.

1963 – 68 Total industriomsetning på Osterøy 219 mill. Garveribransjen hadde 31% - 68 mill. Jordbruket hadde halvparten så stor omsetnad som garveribransjen.

1966 Store eksportavgifter på argentinske hudar.

1970 Ny lov om forureining.

Tidleg 70-talet var over 30% av alle sko som vart seld i Skandinavia tresko. Borge eksporterte overlær til den største treskofabrikken i Sverige, Sandgren i Påryd.

1978 - Osterøy rådhus står ferdig.

Osterøy rådhus - Lonevåg





Valestrand skule



Valestrand sentrum



Eidefeltet

1960 – 1990 – Valestrand

1961 – Ullvarefabrikken vert utleigd til Valestrand industrier AS

1962 – Meieriet vert lagt ned – vert nytta til lagshus for båtlaget

1963 – ny ferjekai - dagens

1968? Ullvarefabrikken vert riven.

1968 Nybygg vart oppført for Valestrand Industrier AS (Fossen AS) på tomte etter ullvarefabrikken. Dette var eit reint forretningsbygg, Fossen senter, til rundt 1980. Byrja då med foredling og røyking av laks og aure

1971 – utbygging av bustadfelt på Eide (50 bustader)

1971 – bustader Rundhovde og Lerkhaugen

1976 – ny skule

1976 – Reguleringsplan bustader Vardalen

1984 – Valestrand bedehus m barnehage

1980 – Furubakken idrettsplass

1986 – Aldersbustader på Eide

1960 – 1990 –Garverimiljøet/Garveribygningane

1960 – Revheimsgarveriet innstilt

1962 – Gamlegarveriet innstilt

1975 - Karlagarveriet blir gitt til Fortidsminneforeningen i Bergen

1978 - Fjæregarveriet blir overtatt av Ola Borge

1984 - Karlagarveriet blir overdratt til Osterøy museum

1988/89 - Fjæregarveriet blir rive

Midt 70-talet - Jarlegarveriet brenn ned

Midt 70-talet - Mikalgarveriet la ned drifta

1990 – Stanseriet til Mikalgarveriet vert lagt ned

1990 - Harald J. Reigstads garveri legg ned

Rivingstomta etter Fjæregarveriet



Skomakarverkstad i Mikalgarveriet



1990 – 2008 Fjorden og omverda

Eksisterande garveri i Noreg:

Borge Garveri AS, Lonevåg på Osterøy
Granberg Garveri, Ølensvåg i Vindafjord
Horn Skinn, Brønnøysund
Solberg Garveri, Skien

Eksisterande garveribygningar:

Osterøy: Valestrand
Halland
Småland

Isdalstø
Alversund – 2 bygningar står

Bergen:
Breistein – 2 bygningar står
Laksevåg (Laksevåg industrihus)
Nøstet?

1997 Osterøybrua står ferdig

1997 Haus-ferja innstiller.

2001 – Borge garverier byggjer eit forgassingsanlegg som forgassar og destruerer avfallet (limlær, slam og anna læravfall)

2005 – ny lov som tillet å leggja avfall på normale deponi

2008 – 3 skofabrikkar att i Norge

”I England er det ikkje eit einaste garveri som lagar overlær igjen. Clarks lager alle sine sko i Kina og India. Salamander er burte. I Sverige er det eit garveri som lagar møbel og billær og eit som har spesialisert seg på lær til hesteselar.” (Ola Borge)

Talet på skofabrikkar er redusert frå fleire hundre på 60-talet til nokre få i dag. Dale Sko i Sunnfjord satsar vidare på uniformssko. I tillegg finst det to mindre fabrikkar: Aurland Skofabrikk i Sogn og Eiks treskofabrikk i Rogaland.



Borge garveriar - Lonevåg på Osterøy



Garveriet på Isdalstø



Skomodellar frå Dale sko



Meieriet og Fossen senter



Lerøy Fossen sitt anlegg



Valestrand sentrum sett mot Nausthaugen

1990 – 2008 Valestrand

1991 – Reguleringsplan for bustader på Reigstadåsen og Øvre Eide

1994 - Fossen AS bygger nytt på tomten til Fjæragarveriet

? Psykiatribustader Reigstad

2003 – Reguleringsplan for bustader på Fossåsen

2004 – Reguleringsplan for bustader på Kaltræhaugane på Reigstad

2004 - HSD innstiller ferja mellom Breistein og Valestrand. Privat ferjeselskap overtek drifta, og ferja "Ole Bull" vert sett i drift.

2006 - Lerøy Seafood Group AS kjøper Fossen AS

2006 – Aldersbustader på Eide

2006 – Kunstgras på Furubakken idrettsplass

2006/7 – Ny paviljong på skulen

2007 - Barnehage

1990 – 2008 Garverimiljøet

Det har vore lite aktivitet med omsyn på garveriverksemd dei siste åra. Det har ikkje vore industriproduksjon, men noko verksemd i ein skilde bygg. På tomte etter Fjæragarveriet vart det etablert ny verksemd, og Lerøy Fossen AS er i dag ein av dei største arbeidsplassane i Osterøy kommune.

Det vart varsla oppstart av planarbeid for utviding/endring av reguleringsplan for Lerøy Fossen AS i juni 2007. Verksemda er avhengig av utviding av anlegget for å sikra vidare drift.

Det har vore utarbeidd framlegg til reguleringsplan for Timberdalen, der ein føreslår å byggja bustader på tomte etter Jarlegarveriet og på areala rundt. I planen er det òg framlegg om å riva delar av Gamlegarveriet. Riksantikvaren kom med motsegn til planframlegget i november 2007.

Arbeidet med desse planane er no stoppa opp, i påvente av ei avklaring av moglegheitene for å utvikle kulturmiljøet og dei ein skilde bygningane.

Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune har slått fast at Garveribygingane/kulturmiljøet i Valestrand har nasjonal interesse. Det er lite aktivitet i det eksisterande garverimuseet(Karlagarveriet) som er ein del av Osterøy museum.

Ein saknar eit større engasjement for Valestrand som eit verdefult kulturmiljø og der garverihistoria er ein sentral del av dette. Dei gamle bygningane er ei stor utfordring for eigarane som har liten nytte av dei og ikkje ser ka dei kan gjere med dei i framtida. Diskusjonen om å eventuelt flytta garverimuseet til Timberdalen må sjåast i samband med trongen for å skapa større forståing for det unike ved desse kulturminna.

Garveria i Timberdalen



Revheimsgarveriet ved ferjkaien



Karlagarveriet/garverimuseet





*Jacob Nilsens/Reigstads garveri
Mikalgarveriet
Gamlegarveriet
Lager/naust*



*Revheimsgarveriet
Naust*



*Karlagarveriet
Garverimuseum*

1990 –2008 Garveribygingane

Jacob Nilsens/Reigstads garveri:

Bygningen inneheld mykje opprinneleg produksjonsutstyr for garving. Det er òg innreidd ei systue der det vart sydd ei rekkje ulike produkt som skinnjakker, køyreposar og ulike lærvarer. I tillegg finn ein ei mengd med skinn og lær lagra i bygningen. Elles er lokala nytta til lager og naust for familien. Det faste inventaret er ikkje endra frå den gongen det var eit aktivt garveri.

Mikalgarveriet:

Bygningen er i stor grad inntakt og inneheld noko produksjonsutstyr. I øvste høgda er det ein skomakarverkstad der ein i si tid laga aurlandsko.

Gamlegarveriet:

Det er ingen gjenstandar i bygningane i dag. Bygningane er ikkje i bruk og er i varierende stand.

Revheimsgarveriet:

Er i dag nytta til naust og lager, og det er ikkje produksjonsutstyr i bygningen.

Karlagarveriet:

Garverimuseum eigd av Osterøy museum. Det inneheld ei rekkje gjenstandar knytt til garving - nokre større maskineri, men i hovudsak mindre gjenstandar. Museet vert opna ved særskilte høve, men har ikkje fast opningstid.

**Trinn 2: Tolking – historisk
meningsinnhald, tyding og til-
stand**



Valestrand sett fra Timberdalen - fotot teken av Knud Knudsen - 1871-1872



Nausta ved Lerøy Fossen



Lerøy Fossen AS og Karlagarveriet/garverimuseet



Bullahuset




Eidehuset



Eidefeltet og Haldorsvika



Ferjekaien



1860 - 1914: Lesbarheit og viktige utviklingstrekk

Viktige utviklingstrekk:

Fellestunet på Rundhovde blei utskifta i 1875. Det var og 2 fellestun Reigstad på andre sida av vågen.

Ole Bull sitt engasjement med bygging av "Bullahuset" og opparbeiding av hageanlegget prega staden.

I 1880 bygde Alexander Bull, son til Ole Bull, ein ullvarefabrikk inst i vågen. Han bygde òg dampskipskai. I samme område var det òg meieriverksemd (for innveging, mottak og kjøling, og handel, bakeri og slakteri. Der var notbruk og naust.


Første skulen kom i 1881. Dampskipet "Oster" fekk stopp i Valestrand i 1908. Det var mogleg å overnatte i eit tømmerhus på kaien. Det vart etablert 7 garveri i Valestrandsvågen i perioden frå 1860 til 1914. I tilknytning til garveria blei det etter kvart bygd bustader, barkemøller og andre mindre bygg.


Lesbarheit:

Dei fleste garveribygningane og nausta frå denne perioden finst framleis. Dette er særmerkte bygg som skil seg ut frå naust og andre bygg i strandsona. Nokre av bustadene tilknytta garveria viser inspirasjon frå byarkitektur. Bullahuset skil seg særleg ut med eit autentisk parkanlegg. Det er særleg strekninga frå ferjekaien til Timberdalen som er prega av denne perioden. Vegene til Hamre som ein veit sikkert har vore kyrkjestad sida 1000-talet, og dei andre bygdevegane, er framleis ein viktig del av infrastrukturen på staden. I kulturlandskapet frå strandsona og opp mot åsane langs innseglinga til vågen kan denne perioden framleis lesast tydeleg.

Tilstand:

Bygningane er i varierende stand. Garveria er i hovudsak nytta til oppbevaring. Bustadene er tekne godt vare på og framleis i bruk som bustad, men er i varierende grad bygde om og endra.





1914 - 1960: Lesbarheit og viktige utviklingstrekk

Viktige utviklingstrekk:


Lite nybygging i perioden. Nokre av garveribygningane vert påbygd, men elles vert strandsona i liten grad endra. Skyssbåten "Tor" kom i rute mellom Breistein og Valestrand i 1932. I 1943 vart det ferjedrift, og det vart bygd ferjekai i 1949. Det vart bygd nokre bustader i tilknytning til garveria. Valestrand fekk ny skule og ungdomshuset Kongshall. Garveriverksemda får ei oppblomstring rett etter krigen, men får tronge kår på 50-tallet. De første garveria legg ned – Jarlegarveriet i 1953, Revheimsgarveriet i 1960, Gamlegarveriet i 1962.

Lesbarheit:

Denne perioden har i mindre grad sett sitt preg på staden. Ungdomshuset er framleis i bruk, mens skulen i dag er bygd om til bustader. Bustadene frå tidleg i perioden er tidstypiske.

Tilstand:

Ungdomshuset og bustadane frå tidleg i perioden er tekne godt vare på.



1990 – 2008: Lesbarhet og viktige utviklingstrekk

Viktige utviklingstrekk:


Bustadbygginga held fram. Fossen AS byggjer nytt på tomta til Fjæregarveriet i 1994, og vert kjøpt opp av Lerøy Seafood Group i 2006. Det er inga verksemd i garveribygningane. Det kjem ny verksemd i det gamle bygget til Fossen AS. Småbåthamna vert kraftig utvida.

Lesbarheit:

Industribygget til Lerøy Fossen AS, med kai og mærer, er ein av dei viktigaste arbeidsplassane på Osterøy. Bustadene på Fossåsen/Reigstadåsen er typiske for si tid – store og svært eksponert på åsryggen. Småbåthamna tek opp ein stor del av vågen.

Tilstand:

Lerøy Fossen AS er i vekst, og har planar om vidare utbygging/utvikling av verksemda.



Viktige utviklingstrekk i Valestrand

Strandsona

Garveribygningane
Andre næringsbygg
Naust
Kaianlegg
Småbåthamn

Sentrum

Næringsbygg
Bustader
Vegstruktur

Aserygane

Bustadfelt fra 1970 og 2000-talet

Dalbotn


Bullahuset og kulturlandskapet rundt
Gamleskulane


Bygningsmiljøet i Valestrand

Ein kan dela Valestrand inn i 5 karakteristiske bygningsmiljø/topologiar:

1. Utbygt del av strandsona
2. Rundhovde og Reigstad - kulturmiljø der landbruksmiljøet og historia framleis er lett å lesa
3. 70-tals byggefelt
4. Nyare byggefelt
5. Valestrand - dalbotnen mellom Bulla-huset og sentrum

I tillegg kan ein avgrensa sentrumsområdet som området fra den innerste delen av strandsona til dei gamle skulebygningane.





Kulturmiljø i Valestrand

Ein kan dela Valestrand inn i nokre større samanhengande kulturmiljø som er ganske einsarta.

I tillegg kan ein definera nokre mindre, karakteristiske bygningsmiljø og bygningar som er særleg viktige for Valestrand si identitet som bygd særleg prega av næringsverksemd dei siste 150 åra.

1. Garverimiljøet på Rundhovde/Timberdalen
2. Garverimuseet
3. Stemma på Reigstad
4. Kaien rundt meieriet
5. Eidehuset
6. Gamleskulen
7. Ungdomshuset
8. Bullahuset
9. Bustader

Trinn 3: Vurdering – kulturarven sin verdi, moglegheiter og avgrensingar

Verneverdi for Garveribygningane i Valestrand

Dei eksisterande garveribygningane på Valestrand var ein del av det største miljøet for garving i Noreg. Bygningane er i liten grad endra, både interiør og eksteriør har stor grad av autentisitet. Det varierer kor mykje teknisk utstyr som er teke vare på. Fordi det har vore lite utbygging i strandsona i vårt hundreår, er òg kulturmiljøet kring garveribygningane lite endra sidan midten av 1900-talet, då det var full produksjon i Valestrand. På nordsida av Valestrandsvågen er det framleis garveribygningane som saman med nausta utgjør kulturmiljøet og set sitt preg på strandsona. Bygningane har representert sjølvstendige verksemder som har hatt ulikt omfang og produkt, men som alle er basert på same produksjonsteknikk.

Industriminna er i seg sjøl en direkte kjelde til kunnskap om mellom anna teknologi, byggjeskikk og sosiale forhold. Ved å oppleve desse i full skala, får vi høve til å gjere oss kjent med korleis produksjonsprosessane gjekk føre seg, og korleis arbeidsforholda i garveria var. Historien kan aldri verte gjenskapt fullt ut, men dei fysiske minna gjev grunnlag for større oppleving og betre kunnskap enn berre skriftlege og munnlege kjelder.

Vern av garverimiljøet i Valestrand

Garverimiljøet vert vurdert å ha nasjonal interesse som kulturminne.

Det er ikkje sikkert at alle bygningane/kulturminna som har verdi skal vernast formelt. Ein kan gjere eit utval for å sikra eit representativt utval kulturminne som syner mangfaldet og breidda i korleis garveriverksemdene utvikla seg, frå små føretak med bustad på loftet til større bedrifter med opp til 20 ansatte.

Med utgangspunkt i dei 3 hovudkriteria; kunnskap, oppleving og bruksverdi, kan ein sette opp prioriterte retningslinjer for val og vern av kulturminne knytt til garveriverksemnda.

Kunnskaps- og opplevingsverdiane som ligg i det samla garverimiljøet er knytt til miljøet sin integritet, dvs. grad av heilskap. Med heilskap meiner vi i denne samanhengen:

- Heilskap i forhold til dei produkta som blei produsert
- Heilskap i historisk utvikling
- Heilskap i forhold til omkringliggjande kulturmiljø

Utviklingspotensial og sårbarheit

Potensial for utvikling for bygningane må haldast opp mot verneverdi og sårbarheit/tolegrense som kulturminne. Ein kan tenkje seg 4 ulike typar gjenbruk:

Alt A: Gjenbruk utan store endringar og tekniske oppgraderingar:

Dette er gjenbruk av lokala med den tekniske standarden dei har i dag. Anlegget vert rydda og vaska og ytterveggar, tak, vinduer og dører vert sette i stand i samsvar med antikvariske prinsipp. Ein må undersøkje og om naudsynt utbetre eller forsterke berande konstruksjonar, dersom utbetringa ikkje er i strid med antikvariske krav.

Ein må undersøkje det produksjontekniske utstyret og vurdere kva ein skal ta vare på. Det tekniske anlegget med vatn, avlaup og straum må oppgraderast etter gjeldande krav. Bygget må og brannsikrast med evt. sprinkling, seksjonering, maling av konstruksjonar med brannhemmande maling, alarmanlegg eller rømmingsvegar. Dette er avhengig av kva bruk anlegget skal ha.

Bygget vil vere utan isolasjon og vanskeleg å halde varmt. Eit sånt bygg kan nyttast til lager/magasin, grov industriell verksemd/verkstader eller til kulturføremål som visningsanlegg/museum, utstillingar, nokre typar atelier, arena for arrangement eller liknande. Ein kan ta vare på mykje inventar og for eksempel bruke lyssetting for å få fram konstruksjonar, teknisk utstyr og liknande.

Denne løysinga vil mest sannsynleg ikkje gje grunnlag for drift som er økonomisk sjølvdriven. Kostnader knytt til drift og vedlikehald vil antakeleg vere store sett i samanheng med inntektene frå leige. Difor vil denne løysinga mest sannsynleg krevje offentleg støtte eller sponning til istandsetting.

Sårbarheit i alt A:

Formen for gjenbruk krev få inngrep i kulturminnet og vil kunne gjennomførast utan konflikt med freding etter kulturminnelova og vern av både interiør og eksteriør.



Alt B: Gjenbruk med moderate endringar og tekniske oppgraderingar:

Innafor eksisterande bygningsmasse kan ein byggje sjølvstendige boksar, "hus i huset". Dette vil vere oppvarma lokale som kan romme kontor, små butikkar, servering, bustader med meir. Desse boksane står inne i dei opprinnelege konstruksjonane, og ein vil difor ikkje ha same oppleving av dei store romma. Ein vil i liten grad endre opphavleg interiør, noko som vil gje relativ låg utnytting av bygningane.

Denne løysinga kan gje nok leigeinntekter til å koste istandsetting og bygging av "hus i huset". Dette er avhengig av kva bruk lokala vil få, kor stor utnytting ein kan få til, og kor attraktive lokala vert.

Sårbarheit alt. B:

Løysinga *kan* kome i konflikt med ei freding etter kulturminnelova. Konfliktnivået er avhengig av val av tekniske løysingar og verneføresegnene for bygningane. Alternativet kan vere vanskeleg å sameine med å ta vare på det tekniske produksjonsutstyret. Eksteriøret vil kunne takast vare på omlag som det er.

Alt C: Gjenbruk med omfattende endringar og tekniske oppgraderingar:

Om bygningane skal nyttast til ny bruk, som til dømes bustader, kontor med full krav til isolasjon, oppvarming, ventilasjon med meir, må bygningane oppgraderast. Dette inneber forsterking av tak og golv, isolering av tak, golv, vindauge, veggjar og dører. Ein må leggje inn anlegg for ventilasjon, lys med meir. Brannsikring og alment tilgjenge må løysast.

Kostnadene vil vere høge og kan vere vanskelege å dekke inn.

Sårbarheit alt. C:

Ei omfattande ombygging vil kome i konflikt med verneomsyn og vil vere vanskeleg å sameine med vern etter kulturminnelova. Bygningane kan eventuelt vernast ved regulering til "spesialområde bevaring" etter plan og bygningslova.


Alt D: Gjenbruk av delar av bygningsmassen:

Løysinga inneber ein kombinasjon av alternativa A - C, samt å akseptere riving og/eller flytting av nokre av bygningane.

Sårbarheit alt. D:

Løysinga opnar for riving av verneverdige bygg frå den perioden som er best representert på staden - første halvdel av 1900-talet. Gjennom denne løysinga vil eksteriøret på bygningar frå heile garverihistoria kunne verte bevart, medan ein aksepterer at berre delar av interiøret vil verte teke vare på.

I det følgjande vert bygg for bygg gjennomgått med ei kort vurdering av verneverdi, potensial for utvikling og sårbarheit. Summen av dette vert samanfatta som kapasitet for endring.




Namn på bygning	Oppført	Epoke	Status	Eigar	Verdi	Potensial for utvikling	Sårbarheit	Kapasitet for endring	Forslag vern
Jacob Nilsens garveri/Reigstad	1914	4 - 1860-1914		Johannes Reigstad	Bygget er ein trebygning oppført som garveri i 2 etappar. Interiøret og eksteriøret er i stor grad intakt. Er del av eit viktig kulturmiljø med nasjonale kulturminneverdiar.	Bygget har store rom med godt lysinnfall, og kan eigne seg til fleire føremål. Ved ny bruk må ein ta omsyn til at dette er en stor trebygning som krev særlege tiltak knytt til brannsikring.	Eksteriøret kan tole mindre endringar. Innvendige endringar må skje i tråd med den opphavlege strukturen og konstruksjonen til bygget.	Stor	Vern etter pbl
Mikalgarveriet	1903	4 - 1860-1914		Mikal E. Rundhovde	Bygget er ein trebygning oppført som garveri i 3 etappar. Interiøret og eksteriøret er i stor grad intakt. Del av eit viktig kulturmiljø med nasjonale kulturminneverdiar.	Bygget har store rom og kan eigne seg til fleire formål. Ved ny bruk må ein ta omsyn til at dette er en stor trebygning som krev særlege tiltak knytt til brannsikring.	Eksteriøret kan tole mindre endringar. Innvendige endringar må skje i tråd med den opphavlege strukturen og konstruksjonen til bygget.	Middels	Vern etter pbl
Gamlegarveriet	1860	4 - 1860-1914		Eivind Karl, Haakon Edvard og Kaare Rundhovde	Bygningskomplekset i tre er utbygt i fleire etappar. Det skil seg ut frå dei andre garveri-bygningane med preg av "knoppskytting". Ei bygning er rase saman (løe). Del av eit viktig kulturmiljø med nasjonale kulturminneverdiar.	Bygget har små rom med dårlig lysinnfall. Ny bruk vil krevje omfattande tilpassing og tiltak knytt til brannsikring og andre installasjonar.	Bygget toler ikkje store endringar før bygningen sine kvalitetar og historieforteljande verdiar går tapt.	Liten	Vern etter kulturminneloven eller pbl
Jarlegarveriet	1902	4	brent						
Revheimsgarveriet	1886	4 - 1860-1914		Eivind Karl, Haakon Edvard og Kaare Rundhovde	Bygget var opphavleg tønnefabrikk. Eksteriøret er autentisk. Del av eit viktig kulturmiljø med nasjonale kulturminneverdiar.	Bygget kan eigne seg til mindre verksemder eller bustad med ein del tilpassing.	Eksteriøret kan tole mindre endringar. Innvendige endringar må skje i tråd med den opphavlege strukturen og konstruksjonen i bygget.	Middels til liten	Vern etter pbl
Fjæragarveriet	1886	4	rive						
Karlagarveriet	1910	4 - 1860-1914		Osterøy museum	Bygget er ein typisk garveribygning der eksteriøret er autentisk. Bygningskonstruksjonen med bindingsverk skil seg ut frå dei andre bygningane. Garvekummane i 1. etasje er intakt, elles er det ikkje opphavleg interiør knytt til garving i bygget.	Bygget kan eigna seg til mindre verksemder eller bustad med ein del tilpassing. Tilkomsten er vanskeleg og bygninga ligg på areal eigd av Leerøy Fossen AS.	Eksteriøret kan tole mindre endringar. Innvendige endringar må skje i tråd med den opphavlege strukturen og konstruksjonen til bygget.	Middels til liten	Vern etter pbl ?

1 Jacob Nilsens garveri/Reigstad



2 Mikalgarveriet






3 Gamlegarveriet



4 Revheimsgarveriet



5 Karlagarveriet




Oppsummering av framlegg til vern:

Denne analysen vurderer berre verneverdi for dei gamle garveribygningane. Strandsona er eit heilskapleg kulturmiljø som også omfattar naust, kaiar og andre anlegg. I samband med planarbeid i området vil vi rå til at ein ser på heile strandsona i samanheng, og at ein vurderer om det er riktig å regulere også andre kulturminne og kulturmiljø til spesialområde vern.

Dei viktigaste bygningane for Valestrand som kulturmiljø er dei tre garveria i Timberdalen. Dei representerer heile utviklinga av garveriverksemda på Valestrand. Ein finn her også bygningar med autentisk interiør og produksjonsutstyr. Strekinga frå Utgjersneset til Revheimsgarveriet er eit samanhengande inntakt bygningsmiljø som er lite endra i vår tid. Samanhengen mellom strandsona og det bakanforliggende kulturlandskapet med bustader og gårdstun er framleis tydeleg.

Revheimsgarveriet og Karlagarveriet er autentiske, men inneheld ikkje opprinneleg produksjonsutstyr. Karlagarveriet representerer historia om den gong det var garveriverksemd rundt heile vågen og det var stor aktivitet på staden. Det er i dag dårleg tilgjenge for museumsverksemd i bygningen. Lokaliseringa ved sida av Lerøy Fossen er konfliktylt med omsyn på verksemdas si trong for utvikling, samt framtidig drift av museum og vern av bygningen og kulturmiljøet rundt.






Jacob Nilsens garveri, Mikalgarveriet og Gamlegarveriet



Branntomta etter Jarlegarveriet, naustrekke med nausthaugen bak, Revheimsgarveriet



Trinn 4: Aktivering - kulturhistorisk handlingsrom og rammer

Skildring av utfordringane

Det er ikkje garveriverksemnd i nokre av dei gjenverande garveribygningane i Valestrandsvågen. Eit av garveria i Timberdalen, Jacob Nilsens garveri, har mykje opphaveleg maskineri. Mikalgarveriet har og ein del verdefult utstyr. Garverimuseet har ikkje opphaveleg maskineri inntakt, men er fylt med utstyr frå fleire garveri. Alle bygga, med unntak for museumsbygget, er framleis eigd av dei familiane som dreiv garveria. Garverimuseet(Karlagarveriet) er eigd av Osterøy museum.

Det er ikkje aktuelt å driva kommersiell garveriverksemnd i nokon av bygningane. Nokre av bygningane er eigna til annan bruk, men eigarane har i dag ikkje konkrete planar for dei. Vidare utvikling av bygningane er difor avhengig av at andre interessentar kjem inn og investerer i bygningane. Den eine bygningen, Gamlegarveriet, er foreslått riven i Timberdalenplanen. Lerøy Fossen ynskjer å flytta/riva garverimuseet for å utvida verksemda si.

Eigarane har behov for å avklare framtidig status og moglegheiter for bygningane, for å kunne ta kvalifiserte val med omsyn på framtidig utnytting av bygningsmassen.

Ein kan tenkje seg at bygningane på kort sikt kan stå tomme eller verta brukt til lagring av det gamle produksjonsstyret, småbåtar og liknande som i dag. På lengre sikt vil imidlertid eigarane ha trong for avklaringar med omsyn på framtidig bruk. Dette er knytt både til at bygningane skal vedlikehaldast, og til at det er kort tid før generasjonsskifte når det gjeld eigarskap for alle fire bygningane på nordsida av vågen. Bygningane kan neppe leigast ut utan at dei vert bygningsmessig sikra.

Vern og vidare bruk av garveribygningane må og sjåast i samband med utviklinga i resten av strandsona. Det er særleg utfordringar knytt til planane for bustadbygging i Timberdalen og Lerøy Fossen si trong for tydelege og føreseielege rammer for vidare utvikling av verksemda.

Vern gjennom plan- og bygningslova eller kulturminnelova

Om garveribygningane vert regulert til spesialområde bevaring med heimel i plan og bygningslova, vil det vere høve til å gjera tilpassingar av bygningane til anna bruk og gjennom dette gi vern gjennom ny bruk.

Vern ved freding med heimel i kulturminnelova vil sette strengare avgrensingar på framtidig bruk av bygningane. Dette vert nytta for bygningar som ha stor nasjonal interesse og der det er viktig å ha god kontroll på vedlikehald og eventuelle endringar av eksteriør og interiør. Dette er eit naturleg val for bygningar og anlegg som er vanskeleg å nytta til anna enn museum og kulturell formidling.

Det er vanskeleg å oppheve freding, og ei freding bør vera knytta til at bygninga vert overteke til museumsdrift. Eit mellomalternativ kan vere at for eksempel museet på Osterøy får eit avgrensa tidsrom til å undersøka konsekvensane ved freding, blant anna dei økonomiske rammene og høvet til drift og formidling i anlegget.

Tilråding knytt til framtidig utbygging ved Timberdalen og Lerøy Fossen

Kulturmiljøet i Timberdalen er unikt i nasjonal sammenheng. Kulturminneverdien ligg både i dei einskilde bygningane og i det samla bygningsmiljøet. Me vil rå til at det berre vert opna for ei mindre utbygging avgrensa til branntomta etter Jarlegarveriet.

Omfanget av utbygginga må verta vurdert i ein eigen (mogleghets)studie som undersøker nærare kva volum, byggehøgder, løysingar for uteopphaldsareal, parkering og liknande kulturmiljøet kan tole. Ein bør vere varsom med å byggja tett opp til garveribygningane, og Nausthaugen bør ikkje verta råka av utbygging, men kan fungera som del av utomhusanlegget. Studien kan og vurdera areala ovanfor strandsona, men det er viktig at samanhengen mellom strandsona og kulturlandskapet bak vert oppretthalde.

Bustadbygging vil reise utfordringar knytt til privatisering av strandsona, men dette må sjåast i samband med kva føremål det er mogleg å tilretteleggja for i området i dag.

Dei eksisterande bygningane har ulikt potensiale for endring. Ei tilråding om framtidig bruk av bygningane må verta basert på ei meir detaljert undersøking av bygningane sin tilstand og høve til tilpassing til annan bruk.

Gamlegarveriet bør verta nytta til museumsføremål. For Mikalgarveriet og Jacob Nilsens garveri kan ein vurdera kombinerte løysingar av bustader, museum eller anna kulturføremål og mindre verksemder. Ein må sjå på løysingar for tilkomst, parkering og naudsynte uteareal for heile området under ett.

Revheimsgarveriet kan få naudsynt vern gjennom plan og bygningslova. Bygningen kan, om eigarane ynskjer det, verta omdisponert til anna bruk. Det vil krevje ein del tiltak å tilretteleggje for tilkomst og parkering, og dette set grenser for kor eigna den er til bustader. Nausta mellom Revheimsgarveriet og Timberdalen bør verta skjerma ved eventuelle tiltak rundt garveriet.

Som det siste garveriet på sørsida av Valestrandsvågen har Karlagarveriet/garverimuseet i stor grad verdi som historiefortellende element. Ein må søkje å finna ei framtidig løysing som gjev Lerøy Fossen AS naudsynt rom for utvikling av verksemda i form av føreseielege vilkår og tilstrekkeleg areal, og samtidig gjev Karlagarveriet naudsynt vern dersom det skal takast vare på. Garverimuseet har ikkje ei god plassering for formidling i dag. Ein bør vurdera å omdisponere bygget til annan bruk, med tanke på det store potensialet som ligg i bygningane i Timberdalen. Ein kan og vurdera om bygningen kan flyttast noko for å gje rom for utbygging av Lerøy Fossen AS.

Ei løysing kan vera at Karlagarveriet vert overteke av Lerøy Fossen AS, og heilt eller delvis flytta til den gamle kaien til Fjæragarveriet. Bygninga kan verta nytta til ulike føremål for verksemda som kontor og møterom. Dette føreset at museumet vert flytta til ein annan stad.

Her kan ein få til eit samanhengande kulturmiljø som inkluderar naust, elvamunninga og stemma. Det er i denne analysa ikkje gjort ei vurdering av kva kostnader som vil verta knytta til ein flytting av Karlagarveriet. Ein flytting vil innebere at berre delar av bygninga vert teken vare på. Ein vet at delar av bygninga er i dårleg stand og andre delar, som fyrste etasje i bindingsverk, er krevjande å flytta. Tilstanden til bygninga er ikkje vurdert av bygningskyndige.




Lerøy Fossen AS sitt anlegg på Reigstad



Opprinneleg murkai etter Fjæragarveriet



Branntomta etter Jarlegarveriet og naustrekkja





Tilråding knytt til vidare utvikling av Valestrand

Strandsona

Bygningsmiljøet på Valestrand er eit småskala miljø der næringsbygga underordnar seg det store landskapsrommet. Småhusbusetnaden ligg heilt ned i strandsona. Det er framleis mogleg å lesa sambandet mellom strandsona og bustadane lengre opp i åssida. Steinsette vassdrag og stemmer er òg ein del av dette kulturmiljøet. Bullahuset ligg i utkanten av staden og markerar byrjinga på Valestrand når ein kjem frå Hauge.

Staden har potensiale for å styrka si forankring til sjøen og opna tilgjenge og bruken av strandsona som ein del av sentrum. Samstundes er det særleg viktig å ta vara på det særeigne kulturmiljøet som til dels har vore lita endra dei siste 80 åra.

Sentrum

Valestrand sentrum er prega av eit uoversiktleg vegkryss og lite struktur. Område har viktige kvalitetar som kan takast vare på og utviklast vidare. Dette gjeld einskilde bygg som Eidehuset og dei eldste bustadene og næringsbygga i sentrum. Nærleiken til omkringliggende område er og verdifulle og denne samanhengen kan verta gjort tydelegare.

Moglege stader for mindre fortetting:

- Deler av kaien rundt gamle meieriet
- Ferjekaien om driften vert lagt ned eller endra
- Deler av strandsona mellom Meieriet og Lerøy Fossen
- Branntomta etter Jarlegarveriet

Tilråing av prinsipp for bygging i strandsona:

- Avgrensa volum
- Volum og høgder som er underordna eksisterande bygningar
- Ikkje samanhengande bryggeanlegg eller strandpromenade
- Fasade mot sjøen
- Ta vare på parti med urørt strandsone mellom bygningane
- Naust bør liggje på terreng, ikkje på kai



Valestrand sentrum sett frå sjøen



Meieriet med kai



Bustad og forretningsbygg i sentrum



Ferjekaien/Timberdalen sett frå sør



Foto teken av Knud Knudsen utover fjorden - 1871-1872



Valestrand sentrum sett frå Rundhovde

Vidare prosess:


Viktige problemstillingar i DIVE-analysen har vore knytt til dei einstilte garveribygningane si historie og verdi, samt deira rolle i kulturmiljøet. Det er særskilt strandsona som er i fokus, men òg tilgrensande areal med naust, bustader og offentlege bygg er ein del av dette kulturmiljøet.

Det er gjort nokre enkle vurderingar av framtidig utvikling av Valestrand i denne analysa. Dette er forankra i den kjennskapen til staden som er kome fram gjennom arbeidet med garveriverksemda.

For å få eit totalt bilete av kulturminneverdiane i Valestrand må det gjerast ein større kartlegging og analyse. Etter vårt skjønn er det viktig med ein stadanalyse som tek føre seg fleire tema enn kulturminne, til dømes vidare utvikling av næring og bustader, trafikk, universell utforming, og som kan sjå bevaring og framtidig bruk av kulturminna i samanheng med andre ressursar og utfordringar på staden.

For å sikre kulturminneverdiane i Valestrand og samstundes leggja til retta for ei utvikling av staden, bør det utarbeidast overordna planar i form av kommunedelplan eller reguleringsplan. I den nye planlova, som trår i kraft 1.7.2009, vil det vere eit skilje mellom detaljplanar og områdeplanar. Detaljplanane er knytt til gjennomføring av tiltak og kan gjerne vera utarbeidd av private. Områdeplanane skal vera offentlege.

Som ein del av det vidare arbeidet med planframlegget for Timberdalen, vil vi rå til at det vert utarbeidd ei (moglegheits) studie for dette området som tek utgangspunkt i tilråingane i DIVE-analysen, og der ein ser nærare på arealbruk, byggehøgder, volum med meir.





Foto

Dei fleste bileta er tekne av konsulenten.

Bileta på side 13 og 16 er lånt av familiane i Timberdalen

Bileta av Fjæragarveriet er lånt av Lerøy Fossen AS

Bileta tekne av Knud Knudsen er eigd av billedsamlinga ved Universitetet i Bergen

Nokre av bileta er funne på Osterøy kommune sine nettsider og elles er det nokre generelle illustrasjonar som er funne etter søk på nettet.

Kjelder

Kulturanalyse for Valestrandsvågen - Osterøy kommune 2007

Garveridrift på Rundhovde - Eivind K. Rundhovde

Garveriverksemd i Hordaland - Garvar Amund Reigstad

Garverier i Nordhordland - Ola J. Borge


Garveriindustrien - Ola J. Borge 2007

Bærekraftige historiske byer - Sluttrapport fra Norges del av Interreg III B-prosjektet

Stedsanalyse Odda Smelteverk 2008 - Odda kommune/
Asplan Viak AS

Vedlegg

Dei historiske karta gjev ein oversikt over Valestrand med omgjevnader i dei 4 tidsepokane; 1860-1914, 1914-1960, 1969-1990 og 1990-2008. Dei er laga på grunnlag av historiske kart frå Statens kartverk, samt skiftekart.



**Valestrand historisk kart
perioden 1860 - 1914**

Symbol	Objekt	Kilder
	Bygning	SEFRÅK Hundreårs-Soga Intervju
	Ferdselsåre/veg	Topografisk kart 1859 Skitekart ca 1900

0 25 50 100 m


Kartarbeid: Asplan Viak AS - TWTA
Kvalitetssikring: ...

26.06.2008



**Valestrand historisk kart
perioden 1914 - 1960**

Symbol	Objekt	Kilder
	Bygning	SEFRRAK Hundreårs-Soga Inventarju
	Ferdsselsåre/veg	Topografisk kart 1859 Skiftkart ca 1900



Kartarbeid: Asplan Viak AS - TW/TA
Kvalitetssikring: ...
26.06.2008





**Valestrand historisk kart
perioden 1990 - 2008**

Symbol	Objekt	Kilder
	Bygning	SEFRÅK Hundfreds-Soga Inerivill
	Ferdselsåre/veg	Topografisk kart 1 859 Skjefekart ca 1900

0 25 50 100
m

Kartarbeid: Asplan Viak AS - TW/TA
Kvalitetssikring: ...

23.06.2008

